



---

## *Innspel til vidareutvikling av muskarordningane i Vestland fylke*

---

### Innleiing

Norsk Kulturskuleråd Vestland imøteser det viktige arbeidet med å gjennomgå muskarordningane der ein skal sjå på korleis desse kan vidareutviklast i Vestland fylke. Kulturskulerådet er opptatt av at ein legg til rette for eit profesjonelt og variert musikktilbod av høg kvalitet og til ulike målgrupper. Vi ser det som ein føresetnad at denne ordninga kjem heile Vestland fylke til gode gjennom gode og heilskaplege prosessar.

### Kartlegge interessa for ei eventuell utviding av distriktsmuskarordninga

For kulturskulerådet er det viktig med ei utviding av muskarordninga slik at heile fylket har tilgang på høgt kvalifiserte utøvarar. Kulturskulen er ein naturleg og sjølvstøtt arbeidsstad for desse stillingane der ein bidreg til god spreing av fagkompetansen både til det profesjonelle og til fritidskulturlivet. Kulturskulerådet er opptatt av at muskarordningane må nyttast til å utvikle og styrke samarbeidet mellom det profesjonelle og det frivillige musikklivet. Dette gjeld kor, korps, spelemannslag, orkester, ulike arrangørar for festivalar og konsertar og andre.

Kulturskulane har eit utvida ansvar for fordjupingstilbod og talentutvikling. Her vil desse muskarstillingane vere sentrale for at born og unge tidleg kjem i kontakt med dei ypparste utøvarane innan sitt fag. Det vil vere ein naturleg del av desse stillingane at fordjupingselevar kan få undervisning på sitt instrument hos distriktsmuskarane, uavhengig av kva kommune muskarane er tilsett i.

Vi trur at ei god utbygd muskarordning vil stimulere til å styrke rekruttering inn mot kulturskulane og musikklinjene på dei vidaregåande skulane.

Kulturskulerådet vil anbefale at muskarstillingane får ei fordeling på 50-50 undervisning og utøving. Slik tilbyr ein attraktive stillingar for muskarane, samtidig som ein sikrar høg kvalitet på utøvarane. Vi ser det som særskilt viktig at det er krav om å prøvespel til både faste stillingar og vikariat for å sikre ei god og rettvis utveljing.

### Omorganisere distriktsmuskarordninga sin fylkeskvote slik at den kan fungere som ein ressurs for heile Vestland fylke

Distriktsmuskarordninga sin fylkeskvote (ei stønadsordning for arrangørar) må kunne fungere som ein ressurs i heile Vestland fylke. Men dette krev at det vert organisert med muskarordningar fleire stader, slik at reisetid tek mindre tid.

## Ulike alternativ for omorganisering av fylkesmusikarordninga:

- 1. Integrering i eksisterande distriktsmusikarordning slik at det vert etablert nye distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt.*
- 2. Omgjering av lønsmidlar til utviding av eksisterande stipend- eller prosjektstønadordning øymerka folkemusikk.*
- 3. Eventuelt ein kombinasjon av 1) og 2).*

Kulturskulerådet er av den oppfatning at alternativ 1. er det beste alternativet for å styrke det regionale kulturlivet. Gjennom faste musikarstillingar vil ein få til ei god og langsiktig satsing ute i distrikta. Det vil gje høg kvalitet både på undervisning av born, unge og innan det frivillige kulturlivet, og vil også gje gode forbilde som utøvarar på deira respektive fagfelt.

Det kan opprettast musikarstillingar innan folkemusikk, men kulturskulen er også i behov av musikarstillingar innan andre fagområde som er etterspurt; ulike orkesterinstrument, piano og bandinstrument.

Kanskje kan det vere ein tanke å sjå på andre kunstformer i oppretting av slike stillingar; som skodespelar, dansar, forfattar?

Det kan vere hensiktsmessig å søke etter personar til stillingane som dekker fleire fagområde; ein muskar på hardingfele kan også undervise i folkedans, eller ein folkedansar også har høgt nivå på eit instrument? Vi ser at det kan vere krevjande for mindre kommunar å fylle musikarstillingane med relevante arbeidsoppgåver dersom dei ikkje har «fleire bein å stå på».

## Legge til rette for etablering av nye arenaer for samarbeid, t.d.:

- 1. Samarbeidsorgan for det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet.*
- 2. Samarbeidsorgan for arkiv og museum med folkemusikken og den immaterielle kulturarven som arbeidsområde.*

Kulturskulerådet ser positivt på oppretting av samarbeidsorgan til beste for kulturlivet og musikkfeltet. Dette er organ som kulturskulerådet gjerne kan vere del i.

## Kartlegging av behov for ei meir omfattande evaluering av musikarordningane.

Musikarordningane er så godt etablerte og har vist til gode resultat gjennom over 30 år i nordfylket. Kanskje kan ein sjå til kommunar der denne ordninga har fungert spesielt godt og ta lærdom med seg i det vidare arbeidet med oppretting av musikarstillingar?

## Resultatet av utgreiingsarbeidet vert integrert i ny kulturplan for Vestland fylke.

Kulturskulerådet ser positivt på at dette utgreiingsarbeidet vert integrert i ny kulturplan for Vestland fylke. Slik kan ein sikre gode og føreseielege ordningar som kjem heile fylket til gode. Ein sikrar også ein langsiktighet som vil vere ein styrke for kulturlivet i fylket.

Lukke til med det viktige arbeidet framover!

På vegne av styret i Norsk kulturskuleråd Vestland,  
Trude Skarvatun  
nestleiar